



Det starta med tap for debutantane frå Uskedal IL, men dei får nok ei flott veke i Oslo.

Uskedal IL stiller reint Uskedals lag i G13-klassen i Norway Cup. I dag var første kamp, og rapportane fortel at gutane var fulle av forventningar, og det gjorde seg utslag i nervøst spel og dermed vart det tap 1-7 mot Rising Star frå Sør-Korea(engelsk akademi). Vi spår at gutane reiser kjerringa i neste kamp som er mandag kl.9.00.

På G13 spelar Karsten Bjørnebole, Mats Eidsvik, Marius Eidsvik, Vidar K. Eidsvik, Tørres Tungesvik Myklebust, Sander Ø. Eikenes, Kristian Øvstebø, Mathias N. Børve, Johan S. Kroka, Torbjørn Haugland og Anders Isdal Myklebust.

Det er mange uskedelinger også på andre lag frå Rosendal/Uskedal. Vi tar med dagens resultat:

- **G16(7`ar): Rosendal/Uskedal - Askevoll og Holmedal/Atløy 6-2**

Sander S. Myklebust spelar på dette laget.

- **J16(11`ar): Rosendal/Uskedal - Raufoss Gul 4-0**

Silje Soldal, Thea Soltveit Taranger, Hanna Tvilde, Amalie Hovden Rød, Camilla M. Ripel og Ida Marie K. Eidsvik spelar på dette laget.

- **G14(11`ar): Rosendal/Uskedal - Gjerstad 2-1**

Ole Haukanes Eik, Jonathan Taranger, Jostein Soldal og Kristoffer Hauge spelar på dette laget.

- **G16(11`ar): Rosendal/Uskedal - Skeid 0-9**

Viljar Simonnes Tveit, Sander Simensen Haraldseid, Martin Hjelmeland Arnesen, Sondre Klyve, Bashar Khalo og Kristian Klette Hansen spelar på dette laget.

- **J13(9`ar): Haugar - Rosendal 7-0.**

Det er ikkje uskedelingar på dette laget.

I morgon reiser ordførar Peder Sjo Slettebø til Oslo og Norway Cup for å understreka kommunen si begeistring både for dei unge spelarane, trenarane og det store frivillige apparatet. Han lovar å delta med heiarop frå sidelinja på Ekebergsletta, og han gler seg!

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Foto: Endre Myklebust